



**DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Fylkeskommunane - alle

Dykkar ref

Vår ref

Dato

1.10.2014

Innspel til jordbruksforhandlingane 2015

Ein stor del av grunnlaget og verkemidlane for landbruks- og matpolitikken blir utforma gjennom den årlege jordbruksavtalen. Landbruks- og matdepartementet legg vekt på å gi berørte aktørar moglegheit til å påverke politikktutforminga gjennom tilbakemeldingar og innspel i forbindelse med jordbruksoppgjere. I den samanheng minner vi om moglegheita fylkeskommunane har til å gi innspel i forbindelse med dei årlege jordbruksforhandlingane.

Til årets jordbruksforhandlingar har alle fylkeskommunane gitt innspel. Innspela er politisk forankra i fylkesting eller fylkesutval. Som tidlegare år er vedtaka basert på innspelsprosessar der næringsorganisasjonar og regionalt partnerskap har delteke.

Fylkeskommunane har gitt omfattande innspel til jordbruksforhandlingane. Det er vist til konkrete anbefalingar for tematikk og satsingar i årets jordbruksoppgjere, både basert på spesifikke forhold i fylka, og basert på generell nasjonal landbruks- og matpolitikk. Saksframlegga viser at det gjennomgåande er ført diskusjonar i fylkestinga som svarer til målsettinga om å auke det landbrukspolitiske engasjementet i fylkeskommunane.

Forslaga og kommentarane i innspela frå fylkeskommunane er behandla og vurdert i samband med departementet sitt arbeidet knytt til årets forhandlingar. Av kapasitetsomsyn har departementet ikkje hatt moglegheit til å gje tilbakemelding på dei enkelte innspela, men vi viser til årets jordbruksavtale som er tilgjengeleg på denne nettadressa:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/regpubl/prop/2013-2014/Prop-106-S-20132014.html?id=760770>

Landbruks- og matdepartementet ønskjer å takke fylkeskommunane for innspela til jordbruksforhandlingane i 2014. Samstundes ønskjer departementet med dette å invitere fylkeskommunane til å kome med innspel til jordbruksforhandlingane i 2015.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling for forskning,	Sakshandsamar
Postboks 8007 Dep	Teatergata 9	22 24 90 90	innovasjon og	Kristin Sve
			regionalpolitikk	22249424
0030 Oslo		Org no.	Telefaks	
		972 417 874	22 24 91 50	

Fristen for å sende oss innspel er 2. februar 2015.

Mange av fylkeskommunane ber om å få utsett frist. Det er viktig at fristen for innspel blir overhaldt, slik at departementet har moglegheit til å ta med innspela i førebuingane til jordbruksforhandlingane.

Vi ber difor om at fylkeskommunane tilpassar sine prosessar i forbindelse med innspela, slik at departementet mottok innspel innan fristen.

Med helsing

Wenche Østrem (e.f.)
avdelingsdirektør

Kristin Sve
rådgjevar